



Arkivnr: 2014/110-2
Saksbehandlar: Øivind Rune Bjørkås

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		02.12.2014
Fylkesutvalet		04.12.2014

Os kommune - tilskot til sikring av området Raudlio og Stokkedalen som regionalt friluftsområde

Samandrag

Fylkesutvalet vedtok i møte den 31.10.2013 å tildele Os kommune kr. 1 million i tilskot til kjøp og sikring av området Raudlio og Stokkedalen som regionalt friluftsområde. Ein av føresetnadane for vedtaket var at Staten v/Miljødirektoratet og Bergen kommune medverka til kjøpet jf. vedtaket pkt. 2 b.

Intensjonen var at Bergen kommune skulle medverke ved kjøp av mindre del av arealet som ligg i Bergen kommune. I ettertid viser det seg at føresetnaden om medverknad frå Bergen kommune ikkje vert oppfylt. Spørsmålet er etter dette om føresetnaden bør fjernast slik at midlane kan utbetalast til Os kommune.

Bakgrunnen for at Bergen kommune sin medverknad vart sett som føresetnad for tildelinga var eit politisk ynskje om breitt engasjement og medverknad om sikringa. Fylkesrådmannen vurderer det likevel slik at denne bristen i føresetnadene ikkje bør føre til at fylkeskommunen sitt bidrag fell bort. Medverknaden omfatta i utgangspunktet eit relativt lite areal og fylkesrådmannen er samd i at ei oppmåling vil påføre prosjektet unødvendige kostnader. Sjølv om det er uheldig at Bergen kommune ikkje bidreg, vil eit fullstendig bortfall av fylkeskommunal medverknad vere ein urimeleg konsekvens. Det sentrale for Hordaland fylkeskommune er at sikringa av området vert gjennomført slik at området er sikra og tilgjengeleggjort. Ut frå ordlyden i e-post-korrespondansen i saksutgreiinga, vert det frå fylkesrådmannen si side lagt til grunn at dette er tilfelle.

Fylkesrådmannen tilrår etter dette at vedtaket av 31.10.2013 vert endra slik at føresetnaden i pkt. 2. b om medverknad frå Bergen kommune fell bort. Vedtaket vert elles oppretthalde uendra.

Forslag til innstilling

Vedtaket av 31.10.2013 om tildeling av kr 1 million i tilskot til sikring av området Raudlio og Stokkedalen i Os kommune som regionalt friluftsområde vert endra slik at kravet om medverknad frå Bergen kommune i punkt 2. b fell bort. Utover dette vert vedtaket oppretthalde uendra.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.11.2014

På møte den 31.10.2014 vedtok fylkesutvalet å tildele Os kommune kr. 1 million i tilskot til oppkjøp og sikring av området Raudlio og Stokkedalen som regionalt friluftsområde. Ein føresetnad for vedtaket var at Staten v/Miljødirektoratet og Bergen kommune medverka til kjøpet jf. vedtaket pkt. 2 b under.

Intensjonen var at Bergen kommune skulle medverke gjennom kjøp av ein del av ein mindre del av arealet som ligg i Bergen kommune. I ettertid viser det seg at føresetnaden om medverknad frå Bergen kommune ikkje vert oppfylt. Spørsmålet er etter dette om føresetnaden bør fjernast slik at midlane kan utbetalast til Os kommune.

Bakgrunn

Bakgrunnen for saka i 2013 var at Statskog SF hadde lagt eigedomane gnr.1 bnr. 1 og gnr. 61 bnr. 6 i Os kommune samt det mindre arealet gnr. 69 bnr. 3 i Bergen kommune, (til saman 10.204 dekar) samla ut for sal på den opne marknaden frå september 2013. Os kommune ønskjer å sikra areala som regionalt friluftsområde og fekk kjøpe området for kr. 9,3 mill. i tillegg til omkostningar på kr 550.000.

Staten v/Miljødirektoratet gav tilsegn om kr. 2 mill. til føremålet frå ordninga med tilskot til statleg sikring av friluftsområde. I Hordaland fylkeskommune vart saka fyrst handsama av Kultur- og ressursutvalet den 22.10.2013 og deretter i Fylkesutvalet den 31.10.2013. Vedtaket i fylkesutvalet hadde følgjande ordlyd:

1. Os kommune blir tildelt kr. 1 mill. til kjøp av eigedomane gnr.1 bnr. 1 og gnr. 61 bnr. 6 i Os kommune og gnr. 69 bnr. 3 i Bergen kommune, med føremål om å sikra området som regionalt friluftsområde for ålmenta.

2. Det vert sett følgjande vilkår for tildelinga:

- a) Kjøpet må gjennomførast til ein pris/på vilkår som ikkje avviker vesentleg frå søknad og prospekt.*
- b) Staten v/Miljødirektoratet og Bergen kommune medverkar til kjøpet.*
- c) Det vert tinglyst ei erklæring på eigedomane om at desse skal nyttast til friluftsføremål og at eventuelle endringar krev samtykke frå Hordaland fylkeskommune.*
- d) Området vert forvalta som skildra i søknaden. Området skal ikkje nyttast til kommersielle føremål ut over det som går fram av søknaden.*
- e) Tilskotet medfører ingen plikter knytt til framtidig drift/skjøtsel eller anna for fylkeskommunen sin del.*

3. Løyvinga på kr 1 mill. skal førast over budsjettpost 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet.

I e-post av 17.11.2014 frå ordførar i Os kommune heter det mellom anna:

«Jeg har drøftet vilkåret om at Bergen kommune skulle kjøpe ut den delen av eiendommen som ligger i Bergen med ansvarlig byråd Henning Warlo. Vi er enige om at det enkleste er at denne parsellen ikke skilles ut og overdras til Bergen kommune. Om slik overdraging skal finne sted må parsellen måles opp (uklare grenser i dag), og dette vil påføre prosjektet en unødvendig kostnad.

Jeg har derfor fått i oppdrag å melde til HFK at Os kommune og Bergen kommune er enige om at den aktuelle parsellen på ca. 300 mål kan bli liggende som Os kommunes eiendom. Formålet knytt til friluftsliv ligger uansett fast.

Vi ber derfor om at det blir gjort en endring i HFKs vilkår for medfinansiering, slik at tilskuddet på 1 mill kr kan tildeles innen utgangen av 2014.»

I e-post av 18.11.2014 frå byråd for byutvikling, klima og miljø, Henning Warloe, heter det:

«Jeg bekrefter med dette enighet mellom Os og Bergen kommuner i tråd med redegjørelse fra ordfører «

Vurdering

Bakgrunnen for at Bergen kommune sin medverknad vart sett som vilkår for tildelinga var eit politisk ynskje om breitt engasjement og medverknad om sikringa. Fylkesrådmannen vurderer det likevel slik at denne bristen i føresetnadene ikkje bør føre til at fylkeskommunen sitt bidrag fell bort. Medverknaden omfatta i utgangspunktet eit relativt lite areal og fylkesrådmannen er samd i at ei oppmåling vil påføre prosjektet unødvendige kostnader. Sjølv om det er uheldig at Bergen kommune ikkje bidreg, vil eit fullstendig bortfall av fylkeskommunal medverknad vere ein urimeleg konsekvens. Det sentrale for Hordaland fylkeskommune er at sikringa av området vert gjennomført slik at området er sikra og tilgjengeleggjort. Ut frå ordlyden i e-post-korrespondansen over, vert det frå fylkesrådmannen si side lagt til grunn at dette er tilfelle.

Fylkesrådmannen tilrår etter dette at vedtaket av 31.10.2013 vert endra slik at føresetnaden i pkt. 2 b om medverknad frå Bergen kommune fell bort. Vedtaket vert elles oppretthalde uendra.